

**Innkalling**  
av  
**Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

**Møtedato:** 20.03.2017  
**Møtestad:** Rådhuset Meland  
**Møtetid:** 12:30 -

Eventuelle forfall må meldast per tlf. 56 37 50 00, sms til 47 46 41 45  
eller per epost til orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
008/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/17	Godkjenning av møteprotokoll frå 09.01.2017 og 13.- 14.02.2017
010/17	Førebuing til § 25-møtet
011/17	Val av kommunenamn
012/17	Prosess for tilsetting av prosjektleiar
013/17	Etablering av politiske komitar
014/17	Melding/orientering til førebuande fellesnemnd 20.03.2017

15. mars 2017

Øyvind Oddekalv  
møteleiar

Ørjan Raknes Forthun  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar		ArkivsakID
		17/926

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/926

## Godkjenning av møteprotokoll frå 09.01.2017 og 13.- 14.02.2017

### Vedlegg:

-FFN protokoll 09.01.2017

-FFN protokoll 13.- 14.februar 2017

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokollane vert godkjent

**Møteprotokoll**  
**for**  
**Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

**Møtedato:** 09.01.2017  
**Møtestad:** Radøy rådhus  
**Møtetid:** 12:00 - 15:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	Utvalsleiar
Øyvind Bratshaug	Meland	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	Medlem
Karina Garnes Reigstad	Meland	Medlem
Jon Askeland	Radøy	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Laila Pletten	Radøy	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem
Else Marie Dale	Radøy	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Nils Marton Aadland	Meland	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Mabel Johansen	Meland	Nils Marton Aadland

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ingvild Hjelmtveit-rådmann Meland, Jarle Landås-rådmann Radøy, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås/sekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møteprotokoll frå 17.11.2016
003/17	Status mandat/reglement
004/17	Presentasjon/tilstandsrapport Radøy
005/17	«Highlights» frå investeringsbudsjettet
006/17	Presentasjon av prosjektleiarressurs

### **001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### **09.01.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 001/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste er godkjent

---

### **002/17: Godkjenning av møteprotokoll frå 17.11.2016**

#### **Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

#### **09.01.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 002/17 VEDTAK:**

Møteprotokollen frå 17.11.2016 er godkjent

---

### **003/17: Status mandat/reglement**

#### **Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

#### **09.01.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 003/17 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering

---

**004/17: Presentasjon/tilstandsrapport Radøy**

**Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

**09.01.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FELLES - 004/17 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering

---

**005/17: «Highlights» frå investeringsbudsjettet**

**Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

**09.01.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FELLES - 005/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

Meldinga er teke til orientering

---

**006/17: Presentasjon av prosjektleiarressurs**

**Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

**09.01.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune**

**Tilleggsframlegg:**

Møtet 13. februar vert utvida til ein to dagars samling 13. og 14. februar.

Framlegget med tillegg vart samrøystes vedteke.

**FELLES - 006/17 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering.

Møtet 13. februar vert utvida til ein to dagars samling 13. og 14. februar.

---

**Møteprotokoll**  
**for**  
**Førebuande fellesnemnd – ny kommune**  
**Partssamansett utval**

**Møtedato:** 13. og 14.02.17  
**Møtestad:** Alver hotell  
**Møtetid:** 13.02.17: 10.00 – 19.00  
14.02.17: 09:00 - 16.00

**Frammøtte medlemmer:**

Medlem	Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	x
Medlem	Leif Hosøy Sleire	Lindås	x
Medlem	Nina Bognøy	Lindås	x
Medlem	Ståle Juvik Hauge	Lindås	x
Medlem	Anna K. Valle	Lindås	x
Medlem	Bjarte Vatnøy	Lindås	x
Medlem	Nina Stabell Øvreås	Lindås	x
Medlem	Karl Vågstøl	Lindås	x
Medlem	Sveinung Toft	Lindås	x
Medlem	Asle Hetlebakke	Lindås	x
Medlem	Øyvind Oddekalv	Meland	x
Medlem	Øyvind Bratshaug	Meland	x
Medlem	Anne Grete Eide	Meland	x
Medlem	Karina Garnes Reigstad	Meland	x
Medlem	Sølvi Knudsen	Meland	x
Medlem	Jon Askeland	Radøy	x
Medlem	Jostein Borlaug	Radøy	
Medlem	Laila Pletten	Radøy	x
Medlem	Kenneth Murberg	Radøy	x
Medlem	Else Marie Dale	Radøy	x

Forfall meldt frå medlem:	Parti:	Rolle:
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem

Frammøtte varamedlemmar:	Parti:	Erstattar medlem:
Kirsti Gjetle	Radøy	Jostein Borlaug

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ørjan Raknes Forthun	rådmann Lindås	(møtesekretær)
Jarle Landås	rådmann Radøy	
Ingvild Hjelmtveit	rådmann Meland	

**Følgjande tillitsvalde møte:**

Elisabeth Inger Bygstad	Radøy kommune	HTV Utdanningsforbundet
Rosalind Grindheim Instebø	Radøy kommune	HTV Fagforbundet
Adolf Hovgaard	Meland kommune	HTV Utdanningsforbundet
Anita Dale	Meland kommune	HTV Fagforbundet
Jarle Ness	Lindås kommune	HTV Utdanningsforbundet
Liv Berit Haukås	Lindås kommune	HTV Fagforbundet

**Frå BDO møte:**

Sven-Erik Antonsen  
Merethe Mæland  
Rolf Utgård  
Erlend Larsen  
Jan Høegh  
Knut Bårdsen

**MØTE I FELLESNEMNDA VART HOLDT SOM EIT SEMINAR MED FØLGJANDE PROGRAM:****Program måndag 13. februar**

10.00 – 10.15	Opning v/Øyvind Oddekalv	Plenumssamling
10.15 – 10.45	Presentasjon av Lindås kommune v/Astrid Aarhus Byrknes	Plenumssamling
10.45 – 11.00	Pause	
11.00 – 11.30	Innleiing og gjennomgang av programmet v/Sven-Erik Antonsen Kva skal vi bruke desse to dagane til? Presentasjon av programmet, arbeidsform og målseting for dagane.	Plenumssamling
11.30 – 12.30	Lunsj	
12.30 – 15.00	Kva oppgaver har fellesnemnda, og korleis er forholdet til kommunestyret, rådmenn osv.? Med særleg fokus på rolleavklaring og spelereglar. v/Erlend Larsen	20 min plenumssamling 40 min gruppearbeid 60 min presentasjon og diskusjon 30 min pause

Tre kommunestyrrer og ei fellesnemnd: kven  
avgjer kva? Kva arbeidsform ønskjer  
dykk i fellesnemnda?



15.00 – 17.30 Korleis sikre gode løysingar og god samhandling når man skal skape den nye kommunen. Korleis kan tillitsvalde bidra i samanslåinga og sjølv kome styrka ut av den.  
v/Knut Bårdsen og Rolf Utgård

20 min plenumssamling  
40 min gruppearbeid  
60 min presentasjon og diskusjon  
30 min pause

Vellukka samanslåingar krev semje om korleis forbetre tenester, arbeidsformer og samordne den nye kommunen.  
Korleis man samarbeider og løyser konflikhtar og dilemma underveis, saman med godt partsamarbeid er også vesentlig.

17.30 – 19.00 Kva kan vi gjere for å viske bort kommunegrensene?  
v/ Erlend Larsen

20 min plenumssamling  
40 min gruppearbeid  
60 min presentasjon og diskusjon

Involvering av innbyggjarar og næringsliv på ein god måte er viktig for å sikre ein vellukka samanslåing. Kva bør vi gjere når?

19.00 Middag

#### **Program tysdag 14. februar**

9.00 – 10.30 Programorganisering og styringsdokument  
v/ Merethe Mæland og Erlend Larsen

30 min plenumssamling  
30 min gruppearbeid  
30 min presentasjon og

Diskusjon om organisering og styring av programmet. Kva politiske komitear og administrative arbeidsgrupper skal opprettas, kva samansetting skal dei ha og kva mandat skal dei få.

10.30 – 10.45 Pause

10.45 – 12.15 Interessentkartlegging  
v/Merethe Mæland

20 min plenumssamling  
30 min gruppearbeid  
40 min presentasjon og diskusjon

Det er viktig for prosessen og resultatet at man har kartlagt alle interessentar for å kunne handtere desse på ein best mogleg måte.

- 12.15 – 13.00 Lunsj
- 13.00 – 14.30 Suksessfaktorar og fallgruver  
v/Jan Høegh
- Kva må vi sikre og kva må vi unngå for at den nye kommunen skal bli ein suksess for innbyggjarar, næringsliv og tilsette?
- 20 min plenumssamling  
30 min gruppearbeid  
40 min presentasjon og diskusjon
- 14.30 – 15.00 Pause
- 15.00 – 15.45 Andre viktige lokale tilhøve som har betydning for prosessen v/ Merethe Mæland  
Kva tilhøve i kommunane, eller omliggande geografiske områder kan påverke prosessen på ein positiv eller negativ måte?
- plenumsdiskusjon
- 15.45 – 16.00 Oppsummering/avslutning v/ Sven Erik Antonsen og Øyvind Oddekalv

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Førebuing til § 25-møtet

### Framlegg til vedtak:

1. Det blir sett ned ein namnekomité som skal gjennomføre prosessen med å kome med framlegg til namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Oppnemning skjer i eigen sak.
2. Saksførebuaende utval får fullmakt til å:
  - a. Kontakte fylkesmannen for å avklare stad og tidspunkt for §25 møte. Den praktiske gjennomføringa blir også avklara med fylkesmannen. Fellesnemnda blir informert i eigen sak.
  - b. Kontakte Kontrollutvalssekretariatet for kommunane for å sette i gang ein prosess for val av revisor til fellesnemnda

### Saksopplysningar:

#### Samandrag:

I inndelingslova er det fastlagt ein felles modell for korleis ein skal gjennomføre prosessen i samband med samanslåing av kommunar. Eitt av trinna i prosessen er eit felles møte mellom kommunestyra og fylkesmannen. Dette møtet blir skildra i §25 i inndelingslova. Den same paragrafen slår også fast kva for saker ein skal behandle i møtet. For samanslåinga av Lindås, Meland og Radøy er dei fleste av desse forholda allereie avklara i den vedtekne intensjonsavtalen. Det som står att i forkant av møtet er å bli einige om namn på den nye kommunen og om val av revisjonsordning for verksemda til fellesnemnda. Som framlegg til vedtak tilrår vi at det blir sett ned ein komité som reier ut om og føreslår namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Dette må vidare til endeleg behandling i kommunestyra i dei eksisterande kommunane. Vidare skal det før møtet vere klart kven som skal revidere verksemda til fellesnemnda. Innstillinga til dette valet skal kome frå kontrollutvala i dei eksisterande kommunane.

### Saksutreiing:

Det følger av § 25 i inndelingslova at ein skal behandle følgande saker i møtet som blir

gjennomført etter denne paragrafen:

- a. Forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b. Talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c. Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e. Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Bokstavane b), c) og e) er behandla i intensjonsavtalen som kommunestyra allereie har vedteke, slik at:

Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar. (Bokstav b)

Fellesnemnda [...] skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda.

Medlemmane [i fellesnemnda] vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra.

Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane. (Bokstav c)

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmar og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar. (Bokstav e)

Det står dermed att å førebu ivaretakinga av bokstav a) framlegg til namn og d) val av revisor.

#### **Vurderingar:**

Ein bør snarast setje i gong prosessar for å kome med framlegg til namn på den nye kommunen og velje revisjonsordning for verksemda til fellesnemnda.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Val av kommunenamn 2

### Framlegg til vedtak:

1. Det vert nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune.
2. Komiteen får sekretærstønad frå ..
3. Komiteen får i mandat til å setja opp ein plan for prosessen med val av namn, samt til å koma med innstilling om nytt namn til den førebuande fellesnemnda. Følgjande prosesskrav gjeld:
  - a. Arbeidet skal ta med innspel og dei forslaga som har kome fram gjennom dei ulike prosessane som allereie er gjennomførde.
  - b. Komiteen gjennomfører namneprosessen ut ifrå prinsippa for valet som presenterast i pkt. 4.
  - c. Komiteen leige inn kompetanse på å gjennomføra slike namn- og identitetsprosessar, som har metodikk og måleverktøy for å raskt gjennomføre involvering av innbyggjarane i prosessen.
  - d. Komiteen konkretiserer i plan for prosessen korleis innbyggjarar og næringsliv skal bli inkluderte i prosessen, basert på tilrådinga i saksutreiinga og råd frå innleigd prosesskompetanse.
  - e. Komiteen etablerer ein fagkomité som skal fungere som ei referansegruppe med noko ekspertkompetanse og med lokal forankring, som skal arbeide fram ei lita gruppe namn som skal innstillast på til fellesnemnda.
  - f. Komiteen gir si innstilling slik at den kan bli behandla i dei tre eksisterande kommunestyra før § 25-møtet.
4. Komiteen skal foreslå namn etter følgjande prinsipp: Namnet skal vera eit geografisk namn og/eller eit stadnamn frå minst ein av dei tre kommunane. Det skal ikkje nyttast bokstavkombinasjonar henta frå dei noverande kommunane (t.d. LIMERA kommune), eller andre «opne namn» (t.d. «Vår kommune»). Komiteen bør søkja å finna eit mest mogleg samlande namn, som flest mogleg av innbyggjarane meiner lett kan identifisera kommunen. Komiteen bør gjennomføra ei drøfting av kor mykje ein skal vekta namn basert på historie, opp mot korleis namnet presenterer kommunen i framtida. Seinare skal det også utarbeidast kommunevåpen og verdiord/slagord.

Komiteen bør vurderer om namneframlegg får konsekvensar for kommunevåpen og verdiord/slagord.

5. Komiteen skal gi statusrapportar til møta i den foreløpige fellesnemnda.
6. Kostnadar til komiteens arbeid blir dekte av eingongsstønad som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **Saksopplysningar:**

#### **Samandrag:**

Kommunenamn er ein viktig identitetsberar. Namnet på den nye kommunen blir fastsett på § 25-møtet, under leiing av fylkesmannen. Dette møtet blir ikkje gjennomført før det ligg klart eit forslag til namn som er vedteke av dei tre eksisterande kommunestyra. Namnet skal fastsettast i kongeleg resolusjon hausten 2017, etter kommunelovens § 3.

Proessen med val av namn på den nye kommunen er avgjerande for å sikra god tilknytning og eigarskap til namnet som blir valt. Den vil derfor inkludera aktivitetar for å sikra medverknad frå både innbyggjarar, næringsliv, samt ulike lag og foreiningar. Utarbeidinga av ein plan for korleis ein skal gjennomføra dette arbeidet blir viktig for å sikre ein slik medverknad.

Innstillinga til namnekomiteen bør først bli handsama av ein fagkomité, eit saksførebuande utval og den førebuaende fellesnemnda, deretter i aktuelle råd og utval, komitear, formannskap og kommunestyra i dei tre eksisterande kommunane.

#### **Saksutgreiing:**

Departementet legg opp til at namn på ny kommune skal fastsettast i kongeleg resolusjon hausten 2017. Fylkesmannen sender ønska namn for den nye kommunen inn til departementet, og departementet vil i si behandling legge vekt på kommunenes forslag og ønske om nytt namn. Det ligg føringar på at namnet skal vere unikt, og med det er det meint at det ikkje skal finnast andre kommunar med same namn. Namneforlaga vil og sendes på høyring til Språkrådet.

Det har allereie vore ein del debattar for å finne nytt kommunenamn, men det er ikkje konkludert. Debattane som har vore, har likevel gitt ei viss nyttig avgrensing i namnsetjinga. Arbeidet til komiteen skal ta utgangpunkt i dei forlaga som allereie finst og gjennomføra ein strukturert prosess for identifisera gode forslag til nytt namn på kommunen. Føremålet er å skapa ei brei involvering for å finna eit namn som flest mogleg av innbyggjarane kan identifisera seg med. Innbyggjarar og næringsliv skal derfor bli inkluderte i prosessen. I prosessen med å utarbeida ei innstilling, tilrår vi at komiteen skaffar ekstern bistand som har kompetanse på slike prosessar og som har kartleggingsverktøy for gjennomføring. Dette er for å sikra at prosessen blir gjennomført på ein rask og kompetent måte.

Vi tilrår også at komiteen utnemner ein fagkomité som blir sett saman av eksempelvis ein historikar med lokalkunnskap, språkkyndig kompetanse innan namneval, samt representantar for ungdom, eldre, og næringsliv i kommunane. Fagkomiteen utarbeider ei innstilling til komiteen basert på det arbeidet dei gjer, og ut i frå prinsippa som ligg til grunn.

Det er forventa at dei som yter ekstern bistand til komiteen gjennomfører ei kartlegging av kva innbyggjarane i dei tre kommunane assosierer med kommunen sin, og andre perspektiv på kva som kjenneteiknar kommunane. Denne informasjonen skal ein deretter føra saman med det som tidlegare debattar har avdekket. Basert på dette må fagkomiteen koma med ei innstilling som gjer greie for 3-5 namn som er aktuelle. Fagkomiteen må i innstillinga også

koma med ei klar tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør innstilla og arbeida vidare med i den politiske handsaminga.

Ein må gjennomføra prosessen slik at forslaget frå den førebelse fellesnemnda blir sendt til behandling i kommunane tidsnok til at ein kan gje ei forsvarleg handsaming av saka i dei relevante kommunale organa. Det vil seie at det skal vera tid til å handsama komiteen sitt forslag først i det saksførebuande utvalet og den førebelse fellesnemnda, deretter i aktuelle råd og utval, komitear, formannskap og kommunestyre i dei tre kommunane. På bakgrunn av dette bør ein handsama namnevalet i den førebuande fellesnemnda den 15. mai.

#### **Vurderingar:**

Kommunenamnet er ein viktig identitetsberar og bør koma fram som eit resultat av ein inkluderande prosess blant innbyggjarar og næringsliv. God og rask framdrift i arbeidet er avgjerande, ettersom inndelingslova stiller krav om at namnet skal vera vedteke i kommunane før ein kan handsama det i § 25. Gjennomføringa av § 25-møtet er avgjerande for framdrifta i den vidare prosessen, noko som stiller store krav til gode og strenge prioriteringar i arbeidet som komiteen skal gjennomføra.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Komiteen sitt arbeid vil føra med seg enkelte utgifter, til dømes honorering av komitémedlemmane, fagkomitémedlemmane og den eksterne kompetansen. Vi foreslår derfor i denne saka å sette av eit budsjett på kroner 200.000 til utvalet sitt arbeid. Dette skal dekkja alle utgifter. Arbeidet som blir gjort i denne prosessen kan ein også leggja til grunn for arbeidet i andre komitear, som skal arbeida med identitetsberande element.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/17	Førebuaende fellesnemnd - partssamansett utval	PS	20.03.2017
012/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Prosess for tilsetting av prosjektleiar

### Framlegg til vedtak:

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleige av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve *lov om offentlige anskaffelser*. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønadene som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### Saksopplysningar:

#### Samandrag:

For å sikre fokus og tilstrekkeleg kapasitet til oppgåva med å leie prosjektet, er det viktig å få tilsett ein prosjektleiar. Prosjektleiaren vil få eit hovudansvar med å få god framdrift i prosessen med å etablere ein ny kommune, og samstundes ha ansvaret for at prosessen skjer i høve til gjeldande regelverk og avtalar, og for at prosjektet har oversikt og kontroll over alle aktivitetar som er avgjerande for å få etablert den nye kommunen til 1. januar 2020. I samband med gjennomføringa av denne prosessen er det viktig å ha avklart om kommunane ønskjer at prosjektleiaren som blir tilsett også skal bli rådmann i den nye kommunen.



Saksførebuaende utval ynskjer at det tilsettast ein prosjektleiar i fyrste omgang, frå august 2017. Så setter ein gong ein prosess hausten 2017 for å tilsette ein prosjektansvarleg, som og blir rådmann i den nye kommunen. I denne saka tilrår vi å gjennomføre ein anbudsprosess for å få ein avtale på plass med prosjektleiing før sommarferien 2017. Og så avklare prosess for tilsetting av ny rådmann/prosjektansvarleg og legge fram ei sak for fellesnemnda hausten 2017 angående det.

### **Saksutgreiing:**

Kommunelova slår fast at kvar kommune skal ha ein administrasjonssjef (rådmann) til å leie den administrative drifta av kommunen, jf. § 22 (*Administrasjonssjef*) i kommunelova. I høve kommunelova er det kommunestyret som skal tilsetja administrasjonssjefen i ein etablert kommune.

I samband med kommunesamanslåing kan denne fullmakta bli delegert til Fellesnemnda, jfr. Inndelingslovens § 26. *Fellesnemnd*. Dette har som føresetnad at fullmakta blir delegert frå alle kommunestyra til fellesnemnda.

Lindås, Meland og Radøy har starta arbeidet med å førebu samanslåinga av dei tre kommunane gjennom å etablere ei førebels fellesnemnd. Denne nemnda skal saman med ei utviding på 6 tillitsvalte utgjera det partssamansette utvalet (PSU). I mandatet som fellesnemnda/PSU har fått frå kommunestyra i dei tre kommunane står det:

- «Proessen for tilsetting av prosjektleiar inkludert korleis tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte, skal handsamast av partssamansett utval. ...»

For å sikre god framdrift i dette arbeidet er det avgjerande at PSU peiker ut nokre medlemmer som får et særskilt ansvar for planlegging og gjennomføring av denne prosessen.

Den førebelse fellesnemnda må ta nokre strategiske val før stillinga som prosjektleiar blir lyst ut, og 2 spørsmål må svarast ut:

1. Skal ein tilsetja ein prosjektleiar som også skal bli rådmann i den nye kommunen, eller skal ein tilsetja/leiga inn ein prosjektleiar og samstundes tilsetja ein prosjektansvarleg som skal bli rådmann i den nye kommunen?
2. Dersom ein skal ha 2 roller, og ein skal ha ein prosjektleiar som skal vera i stillinga til ny kommune er i drift, skal ein då tilsetja ein ressurs midlertidig, eller skal ein gjennomføra ein anbudsprosess for å leiga inn prosjektleiings-ressursar?

Det kan vera gunstig å leiga inn ein prosjektleiar om fellesnemnda vil bruka lengre tid på å finna ny rådmann. Eit argument for at prosjektleiar også skal bli den nye kommunens første rådmann, er at ein dermed sikrar kontinuitet, ved at prosjektleiaren er den som skal driva den nye kommunen i framtida og at han eller ho er den som på sikt skal sikra realiseringa av gevinstar. Det ein kan stilla spørsmål ved er om den kompetansen ein treng hos ein prosjektleiar i eit slikt prosjekt er overlappande med den kompetansen ein treng hos ein rådmann for ein stor, ny kommune. Ei anna problemstilling knytt til dette er omfanget eit slikt prosjekt med samanslåing har, og om det er kapasitet hos ein person til å dekkja alt dette. Ved å dela det ansvar og oppgåver som ligg til ein prosjektleiar på to roller, prosjektleiar og prosjektansvarleg, kan ein tilføra meir kapasitet til gjennomføringa, få spisskompetanse på både prosjektfaget og rådmannskompetanse, og samstundes ivareta behovet for kontinuitet.

Saksførebuaende utval har konkludert med at det vil vera mest hensiktsmessig å dela dette inn i to roller, at ein både tilset/leiger inn ein prosjektleiar og tilset ein prosjektansvarleg/rådmann i ny kommune.

Når det gjeld spørsmål 2, om ein skal tilsetja ein prosjektleiar midlertidig eller leiga inn eit kompetansemiljø som kan levere prosjektleiing og anna prosjektkompetanse, er det ei meir robust løysing å leiga inn eit miljø som kan tilby både prosjektleiing og anna nødvendig

kompetanse. Kompetansebehovet i ein samanslåingsprosess er svært stort og breitt, og ein ynskjer å leggje til rette for ein best mogleg prosess og best mogleg resultat for innbyggjarane.

Saksførebuarde utval har konkludert med at det vil vera mest hensiktsmessig å gjennomføra ein anbudsprosess for å leiga inn eit kompetansemiljø med ein prosjektleiar og anna kompetanse prosjektet kan ha behov for. Avtale om ny prosjektleiing bør vera på plass før sommaren 2017, då eksisterande avtale går ut i juli 2017.

**Økonomiske konsekvensar:**

Dersom kommunane vel å søkja bistand eksternt for gjennomføring av anbudsprosessen vil dette ha økonomiske konsekvensar. Alternativet er å nytta seg av innkjøpskompetansen og – kapasiteten i dei eksisterande kommunane. Difor foreslår vi i denne saka å setja av eit budsjett på kroner 100.000 til arbeidet som kan nyttast om nødvendig.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Etablering av politiske komitar

### Framlegg til vedtak:

1. Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande komitéar til vidare arbeid med kommunesamanslåinga.
  - a. Komité for val av namn
  - b. Komité for markering av merkedagar, identitetsbygging og aktiviteter for å bli-kjent i eigen kommune.
  - c. Komite for utarbeideiding av forslag til politisk reglement, delegasjonsreglement, godtgjerdsreglement og reglement for klagenemnd
  - d. Komité for val av kommunevåpen og ordførarkjede
2. Mandat og medlemmer vert vedteke i samband med behandling av styringsdokumentet for prosjektet. Unntatt frå dette er komité a som vert vedteke i eigen sak.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

På seminar med førebels fellesnemnd vart det diskutert kva politiske komitear som burde opprettast i samband med etableringa av den nye kommunen. Basert på diskusjonane i seminaret oppfatta prosjektleiar at førebels fellesnemnd ønskte ei sak som sumerar opp forslaga til tema som burde dekkast gjennom etablering av ulike politiske komitear, og ei vurdering av når desse bør etablerast.

#### Saksutredning:

I samband med gruppearbeid under seminar i førebels fellesnemnd kom det 21 innspel om tema og konkrete forslag til politiske komitear.

Basert på gjennomgangen av forslaga er det fleire tema som høyrer naturleg inn i same komité. Nokre komitear blir foreslått etablert gjennom andre saker i denne møterunden. Følgjande politiske komitear/forslag til tema vart identifisert gjennom arbeidet på seminaret. I parentes står det når komiteane vart foreslått oppretta. Rekkefølga er tilfeldig:

1. Namnekomité
2. Tilsetjingsutval
3. Felles identitetsbygging
4. Bli kjent i den nye kommunen
5. Strategigruppe
6. Involvera innbyggjarar og næring
7. Næring
8. Miljø
9. Samferdsel / infrastruktur
10. Plangruppe
11. Økonomi og HR
12. Oppvekst
13. Helse / omsorg
14. PLO
15. Eigarskapsmelding (2017)
16. Politisk reglement / delegasjon (haust 2017-2018)
17. Godtgjerslereglement (haust 2017-2018-2019)
18. Informasjon og involveringsutval (hausten 2017)
19. Felles planstrategi, samferdselsdel (haust 2017)
20. Kommunevåpen + ordførarkjede + visjon og verdi (haust 2017-2019)
21. Reglement klagenemnd (2019)

I tillegg til desse komiteane seier mandatet for førebels fellesnemnd at:

- Fellesnemnda får i oppdrag å vurdera endeleg utvalstruktur, ansvar og oppgåver
- Utarbeida eit delegasjonsreglement

Å organisera arbeidet gjennom ulike politiske komitear er truleg ein effektiv og trygg metode for å sikra brei involvering og eigarskap til både prosess og i høve til dei vala som skal takast fram til ny kommune vert etablert. Arbeid gjennom politiske komitear opnar for at fleire politikarar enn dei som er i førebels fellesnemnd/fellesnemnd, kan bli engasjert i å etablere den nye kommunen. Samtidig er det neppe realistisk eller nyttig å oppretta eit så stort tal komitear som vart foreslått. Komitéarbeidet kjem i tillegg til politisk arbeid i fellesnemnd, kommunestyre og andre råd og utval. Eit stort tal politiske komitear kan gje slitasje på dei politikarane som blir involvert mest. Komitéarbeidet krev og administrativ støtte til m.a. sekretærfunksjon og førebuing av saker til nemnda. Førebels fellesnemnd bør derfor drøfta og prioritera kva oppgåver den skal engasjera seg i. Det kan og synast behov for å opprette andre eller fleire komitear etter kvart som arbeidet skrid fram.

Det viktigaste førebels fellesnemnd må gjera på kort sikt, er å finna namn på den nye kommunen. Det må vera avklart før § 25-møtet. Eiga sak i denne møterunden foreslår prosess for å etablere nytt kommunenamn (pkt. 1).

Prosess for tilsetjing av prosjektleiar kjem også som eiga sak i denne møterunden (pkt. 2). Det anbefalast i den saka at rådmennene i dei tre kommunane får i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for å leige inn prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017- 2020, mens formell fellesnemnd hausten 2017 skal setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Å leige inn prosjektleiar blir såleis ein oppgåve for administrasjonen, og ikkje løyst ved ein politisk komité. Dette til orientering.

Ei eiga sak i denne møterunden foreslår ein komité for å planleggja og gjennomføra markering av merkedagar. Førebels fellesnemnd bør også vurdera om denne komiteen skal få ansvar for felles identitetsbygging (pkt. 3), «Bli kjent»-tiltak (pkt. 4) og informasjons- og

involveringsarbeid (pkt. 6 og 18). Dei to siste punkta kan det vera naturleg å venta med til kommunikasjonsansvarleg er kome på plass og har fått utarbeidd og vedteke ein kommunikasjonsplan.

Politisk reglement, delegasjonsreglement, godtgjerdslereglement og reglement for klagenemnd (pkt. 16, 17 og 21, samt det eine mandatet frå dei tre kommunestyra) kan løysast av ein og same komité. Dette er reglement som trer i kraft frå kommunestyret i den nye kommunen blir konstituert i oktober 2019. Før reglementa vert vedtekne i det nye kommunestyret bør dei handsamast i fellesnemnda. Reglementa bør med andre ord vera ferdige før sommaren 2019. Denne komiteen kan også få i oppdrag å vurdere og fremja forslag til endeleg utvalstruktur, ansvar og oppgåver, slik at denne strukturen samsvarar med delegasjonsstrukturen. For å nå dette bør arbeidet tufta på erfaring startast tidleg i 2018.

Det bør vera eit mål at nytt ordførarkjede (pkt. 20) er klart til det konstituerande kommunestyremøtet i oktober 2019. Sjølve produksjonen tar 3-6 månader. Før forslaga til ordførarkjede vert teikna, må nytt kommunevåpen vera ferdig. Det er naturleg å involvere innbyggjarane i kommunane i utviklinga av nytt kommunevåpen. Dersom fellesnemnda ønskjer å involvere innbyggjarane, må det setjast av rimeleg god tid for å få til ein god og inkluderande prosess. Ein fordel med tidleg avklaring av nytt kommunevåpen, er at det vil bli eit symbol som byggjer opp om felles identitetsbygging. Utvikling av den nye kommunen sin visjon og verdi kan gå føre seg parallelt med utviklinga av kommunevåpen og ordførarkjede.

Innan fleire av tema vil det truleg vera meir naturleg å opprette administrative arbeidsgrupper som skal kartleggja og dokumentera dagens organisering, oppgåvefordeling, kompetanse, delegering, arbeidsprosessar og -prosedyrar osv. Dette er eit vesentleg arbeid i høve til å vurdere framtidig administrativ organisering, tilvising av tilsette i nye stillingar osv. Det er viktig å merkja seg at sjølv om desse oppgåvene vert lagt til administrative arbeidsgrupper vil førebels fellesnemnd og fellesnemnda bli løypande orientert om arbeidet, og til slutt få rapportar frå arbeidsgruppene til handsaming.

### **Vurderingar:**

Det vil vera ein styrke for den nye kommunen om fleire tiltak samordnast alt no. Samtidig må førebels fellesnemnd skilja mellom kva som er fellesnemnda- og kommunestyra sine ansvarsområde. Dersom komiteane skal koma med framlegg til tiltak og rutinar som den enkelte kommune skal følgja, må innstillinga gå frå fellesnemnda som ei oppfordring til dei tre kommunestyra.

Politiske komitear bør ha som fast rutine å gje statusrapportar til førebels fellesnemnd / fellesnemnd, samt PSU i saker der det er naturleg.

Når førebels fellesnemnd etablerer komitear, må det definerast eit mandat som avgrensar arbeidsoppgåvene og tida komiteen har til rådvelde. Det er naturleg at alle kommunane er representerte i komiteane. Det skal vera same kjønnsbalanse som til andre råd og utval. Komiteane bør ha ei tverrpolitisk breidde for å ta vare på konsensus-prinsippet. Om mogeleg bør alle partia delta i ein eller fleire komitear. Samstundes kan det vera ein fordel med så få medlemmer som mogleg i komiteane for å redusere møteslitasjen, noko som også gjer det lettare å få til møtetidspunkt.

Prosjektlear vil som hovudprinsipp foreslå at det at det vert utnemnt to representantar frå kvar kommune. Førebels fellesnemnd bør også vurdere om det er nyttig og nødvendig med varamedlemmer i alle komiteane.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Det må reknast med kostnader til møtegodtgjerdslø og administrativt sekretariat. Dette bør

finansierast frå eingongstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

**Konklusjon:**

Prosjektleiaren meiner at førebels fellesnemnd sjølv bør prioritera kva komitear som skal etablerast, samt kva mandat og kva samansetnad komiteane bør få. I desse prioriteringane er det viktig at fellesnemnda tar omsyn til den ekstra arbeidsbelastninga som komitéarbeid medfører, og at koordineringsbehovet aukar med fleire komitear. Begge desse forholda tilseier at tal på komitear bør vurderast nøye.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

**Melding/orientering til førebuaude fellesnemnd 20.03.2017**

## **Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering